

Styret innstiller til tre saker til årsmøtet 10. mars 2026.

Sak 1:

Styret innstiller til årsmøte å auke maksimalt låneopptak frå kr. 6 mill. til kr. 10 mill.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Sogndal IL Fotball godkjenner at maksimal ramme for låneopptak/kassakreditt vert auka frå inntil kr. 6 000 000 til inntil kr. 10 000 000.

Bakgrunn:

Klubben har ei omfattande verksemd knytt til spelarlogistikk, der sal av spelarar er ei sentral og nødvendig inntektskjelde for å oppretthalde og vidareutvikle den sportslege satsinga.

Inntekter frå spelarsal vert rekneskapsførte når sal er gjennomført, men utbetalingane skjer ofte over fleire år gjennom avdrags- eller milepælsbaserte avtalar. Dette skaper ei tidsforskyving mellom når inntektene er opptente, og når midlane faktisk er tilgjengelege som likviditet.

For å sikre at den sportslege satsinga ikkje vert svekka i periodar der slike utbetalingar kjem seinare enn planlagt, må styret ha tilstrekkeleg handlingsrom til å kunne investere basert på allereie opptente inntekter. Auka låneramme eller kassakreditt er såleis ikkje eit uttrykk for dårleg økonomi, men eit verkemiddel for å jamne ut likviditetssvingingar og sikre at klubben kan handle sportsleg på rett tidspunkt.

Ei større økonomisk buffer vil òg:

- redusere risiko ved forseinkingar i avdragsbetalingar frå spelarsal
- gi betre handlingsrom ved uventa marknadssvingingar
- sikre stabil drift ved skadar eller sportslege endringar
- styrkje evna til å gjennomføre ein planmessig og langsiktig strategi

Styret vurderer at ei låneramme på inntil kr. 10 millionar vil gi nødvendig likviditetsmessig fleksibilitet, samstundes som ramma framleis er innanfor ein ansvarleg og kontrollert økonomisk praksis.

Samla vurdering:

Styret meiner at framlegget er i tråd med klubben sin strategi om berekraftig sportsleg utvikling, der investeringar vert gjorde på grunnlag av inntekter klubben allereie har generert. Ei justering av maksimal låneramme er eit finansielt styringsverktøy som skal sikre kontinuitet, ikkje auka risiko.

På denne bakgrunn rår styret årsmøtet til å vedta framlegget.

Sak 2:

Styret innstiller til årsmøte å sette opp medlemskontingent frå kr. 50 til kr. 100.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Sogndal IL Fotball vedtek å auke medlemskontingenten frå kr. 50 til kr. 100 per år, gjeldande frå 2027.

Bakgrunn:

Medlemskontingenten i klubben har over tid vore sett lågt, på eit minimumsnivå, samanlikna med omfanget av aktivitet, fellesskap og tilbod klubben representerer. Ei justering frå kr 50 til kr 100 per år inneber framleis ein låg terskel for medlemskap, og vil framleis vere på eit nivå som sikrar brei deltaking og tilhøyrse.

Styret vurderer auken som moderat og rimeleg sett i lys av omfanget av aktivitet og fellesskap klubben representerer, og rår årsmøtet til å vedta framlegget.

Sak 3:

Styret innstiller til årsmøte instruks/prosedyre og taushetserklæring for samarbeidet mellom Kontrollutval og styret.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Sogndal IL Fotball vedtek prosedyre og taushetserklæring for samarbeidet mellom Kontrollutvalet og styret slik det er utarbeidd.

Bakgrunn:

I samsvar med rettleiing frå NIF kan det utarbeidast ein skriftleg avtale eller prosedyre for korleis Kontrollutvalet og organisasjonen (Sogndal IL Fotball) skal samarbeide. Dersom ein slik prosedyre vert utarbeidd skal den godkjennast av årsmøtet.

Ein prosedyre regulerer føremål, oppgåver, informasjonsutveksling, innsyn, økonomikontroll og ansvarsforhold mellom styret og Kontrollkomiteen. Ei taushetserklæring skal regulere handtering av konfidensiell informasjon, personopplysningar og varigheit av taushetsplikta.

Styret vurderer at ein formalisert og årsmøtegodkjend prosedyre med taushetserklæring vil sikre tydelege roller, god informasjonsflyt og forsvarleg handtering av konfidensiell informasjon.

Styret rår årsmøtet til å vedta framlegget.